



Marit Langballe (t.v) saman med Kari Fristad på Sjømannskyrkja i Arguineguin på Gran Canaria.

Marit Langballe bur deler av året på Gran Canaria. Vi kjenner Marit mellom anna frå baking av brød og rundstykke i det nyrestaurerte eldhuset på Skorpo. No er Marit frivillig på sjømannskyrkja i Arguineguin på den spanske ferieøya Gran Canaria. På tysdagane gjer ho førefallande arbeid. På onsdagane bakar ho brød og er saman med andre ansvarlege for lunsjen. Sjømannskyrkja på Gran Canaria er den meste besøkte av alle dei 28 kyrkjene Noreg har i utlandet.

Sjømannskyrkja eller Norsk kyrkje i utlandet, som ho også vert kalla, kan ikkje drivast utan frivillig innsats noko som vil sei at mange gjer eit stort arbeid i uløna teneste. I tillegg til den daglege drifta med mange arrangement vert det seld julekalender og lagt til rette for mange inntektbringande tiltak. Basarane på sjømannskyrkja har alltid vore eit viktig tiltak for å skaffa midlar for å halda oppe aktivitetane.

I tillegg til 28 faste kyrkjer i utlandet kjem ambulerande presteteneste, nettkyrkje, kyrkje for alle som jobbar offshore og ikkje minst kyrkje for norske studentar i andre land. I ei tid med mindre sjøfolk må Sjømannskyrkja stadig vera i endring. Eit døme på det er at for fyrste gong vert kyrkja i Rotterdam vurdert nedlagt.

Turistar og dei frå Uskedalen som bur utanlands i lengre tid tek ofte kontakt med Sjømannskyrkja. Det gjeld særleg på fastlands Spania, Tenerife, Gran Canaria, Ayia Napa på Kypros og ikkje minst Pattaya på Thailand.

Marit Langballe kjem heim til Uskedalen i desember. Fram til den tid er ho aktiv i førebuingane kyrkja har fram mot jul. Sjømannskyrkja på Gran Canaria kan i år høgtida 30 års jubileum, dei fyrste 20 åra i byen Las Palmas, dei siste 10 åra i Arguineguin.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Sjømannskyrkja på Gran Canaria



Marit Langballe bakar brød og rundstykke og er ansvarleg for lunsjen på onsdagane.